



Statens vegvesen

FITJAR KOMMUNE

Postboks 83

5418 FITJAR

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Lars Ottar Sagstad / 55516434

Vår referanse:
20/57858-9

Dykkar referanse:
2022/155-
1240/2022

Vår dato:
21.03.2022

Uttale til 2. gongs høyring og offentleg ettersyn PlanID201901 Reguleringsplan Fitjar sentrum

Statens vegvesen syner til brev datert 17.02.2022 med varsel om høyring og offentleg ettersyn av områderegulering for Fitjar sentrum i Fitjar kommune. Frist for uttale er sett til 21.03.2022.

Saka gjeld

Områdeplanen omfattar område frå Hegraneset til FKIB (Fitjar Vidaregåande skule), begge sider av Fitjarvegen/Vestbøstadvegen og heile sjøsida, samt ein del sjøareal. Planområdet dekkjer eit areal på ca. 315 daa, der omlag 139 daa er landareal og omlag 176 daa er sjøareal. Føremålet med planarbeidet er å erstatta gjeldande reguleringsplan for sentrum frå 2007 som er utdatert på fleire område. Reguleringsplanen er ein områdeplan, som i visse delar har karakter av detaljregulering.

Utvikling av Fitjar sentrum omhandlar tema som

- Bustadbygging, fortetting, miljøgate, "byrom" og attraktiv sjøside
- Levande sentrum med sosiale møteplassar, blanding av handel, servicenæringar og bustadar som skapar liv på kveldstid, og tilrettelegging for kultur- og opplevingar
- Infrastruktur som bind sentrum og omliggjande byggefelt saman og som også knyt bygdene og sentrum tettare saman.»

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Uttale

Statens vegvesen si rolle i planlegginga

Statens vegvesen har ansvar for at føringar i *Nasjonale transportplan (NTP)*, *statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging*, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar blir ivaretatt i planlegginga.

Statens vegvesen sitt samfunnsoppdrag er «å utvikle og leggje til rette for eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert, og miljøvennleg transportsystem».

Statens vegvesen uttalar seg som forvaltar av riksveg på vegne av staten, og som statleg fagmynde med sektoransvar innanfor vegtransport. Statens vegvesen sitt sektoransvar for vegnettet inneber eit overordna ansvar for at trafikksikkerheit, klima- og miljøomsyn, og heilskapleg bypolitikk blir ivaretatt i alle planforslag som vedkjem samferdsel. Dette gir oss rett til å stille krav til både statlege, fylkeskommunale og kommunale vegar, gater og løysingar for gåande og syklande.

Nasjonale Transportplan (NTP)

I NTP er det viktig at forholda blir lagt til rette for at born kan ferdast trygt mellom annet til og frå skule. Skulevegen gjev born viktig trafikktraining, samtidig som sykling og gonge har miljømessige fordelar og er ei viktig folkehelseiltak. Utbygging og utbetring av gong- og sykkelvegar, samt oppgradering av haldeplassar, er viktige tiltak som bidrar til økt trafikktryggleik og god ferdsel for barn og unge.

Ein viktig del av arbeidet for å nå måla om lågare bilandel er å følgje retningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging som blant anna framhevar at «Utbyggingsmønster og transportsystem bør fremje utvikling av kompakte byar og tettstadar, redusere transportbehovet og legge til rette for klima- og miljøvennlege transportformer».

Eit anna ledd i arbeidet er å sørge for at tilbodet til mjuke trafikantar og kollektivreisande er av høg standard med tanke på trafikktryggleik, ferdsel og attraktivitet. At tilboda opplevast som trygge og attraktive er ein essensiell faktor som fører til meir miljøvennleg reising. Vegnormalen (N100 Veg- og gateutforming) er heimla i veglova § 13, og er ein del av regelverket som søker å ivareta slike interesser. Trafikktryggleik og ferdsel for alle trafikantgrupper ligg til grunn for dei tekniske krava til utforming som denne handboka gir ein oversikt over.

Våre merknadar til planforslaget

Ei viktig målsetning i arbeidet med områderegulering er å legge til rette for vidare utvikling av Fitjar som ein attraktivt stad å bu og opphalde seg, som å gå på skule, arbeide og handle med meir. Planen skal avklare framtidig arealbruk og utnyttingsgrad innanfor plangrensa. Områdereguleringa for Fitjar vil vidareføre dei deler av gjeldande planar som framleis skal leggjast til grunn ved vidare utvikling, og vil fastsette nye rammer og føresegnar for areal der det er ønskeleg å leggje til rette for endringar.

Planen må også løyse langsiktige behov for bustader i Fitjar sentrum gjennom fortetting. Det er ei sentral målsetting å finne heilskaplege løysingar i høve infrastruktur, busetnad, sentrumsutvikling med meir.

Områdeplanen føreslår forskjellige konsept vedrørande utbygging og parkering i sentrum. Eit stort parkeringsanlegg under bakken i samanheng med bustadutbygging eller blanda gateparkering/innandørs parkering. Anlegga vil tiltrekke seg trafikk fra alle retningar og bidra til å trekke biltrafikk langt inn i sentrumssona. Dersom det er mogleg å etablere fleire, mindre parkeringsanlegg i randsona rundt sentrum, kan dette bidra til å holde meir av den sentrumsretta trafikken utanfor den indre sentrumssonen. Plassering av innfartsparkeringa og gangavstand til kollektivterminalen er også en faktor som kan påverke både etterspørsel og reisemiddelvalet til kollektivterminalen.

Mjuke trafikantar

Det er naudsynt å skapa samhengane gang- og sykkelvegnett jamfør grøn mobilitet og trygg ferdsel for mjuke trafikantar. Fortauet som er planlagt gjennom sentrum skal hevast og flyttast inntil butikkvindua lang fylkesvegen, slik at parkering kjem mellom vegen og fortau der det er mogleg, som vil gje ei tryggare framkomst for gåande og syklande. Det er planlagt fortau gjennom heile planområdet og dette skapar ein tydeleg ferdselsveg for mjuke trafikantar, spesielt for born og unge.

I planskildringa er tilbodet igjennom sentrum for mjuke trafikantar omtala gang- og sykkelfelt (fortau), men av plankartet går det fram at det er langsgåande fortau med parkering langs fylkesvegen som er planlagt etablert. Dette bør tydeleggjerast i planskildringa. Fortaua er nokre stader som lite samhengande, og vi kan ikkje sjå at områda der fortaua vert avslutta er sett i samanheng med kryssingspunkt for tilbod på motsett side.

Universell utforming

Det er planlagt universell utforming av ferdselsrom, som er viktig for rørslehemma som eldre og rullestolbrukarar. Dette skal også gjelde svaksynte, blinde, døve og andre med handikap. Dette er viktig å ta med tidleg i planprosessen og svært viktig tiltak.

Rekkefølgekrav

Det er viktig at det blir lagt til rette for gjennomføring av ein heilskapleg trafikal løysing i sentrum. Endeleg områdeplan og det vidare planarbeidet må ha stort fokus på korleis ein gjennom rekkefølgekrav eller utbyggingsavtale sikrar trafikksikre løysingar for køyreveg, kollektiv og tilbod for mjuke trafikantar. Gjennom føresegnene må det sikrast ei utvikling av området som bidrar til endra reisemiddelfordeling og økt bruk av kollektiv, gonge og sykkel. I samanheng med ny utbygging i tettstadar vil vi framheve at det er viktig å ha fokus på trafikksikre løysingar for renovasjon og varelevering tidleg i planlegginga.

Oppsummering og konklusjon

Fitjar kommune synleggjer godt intensjon om å legge til rette for eit attraktivt tettstadsentrum. I det vidare arbeidet med områdeplanen er det viktig at ein avklarar korleis utviklinga av sentrumsområdet kan bidra til utvikling av trafikksikre veg- og trafikkløysingar som bidrar til å auke bruken av gonge, sykkel og kollektivtrafikk i samsvar med nullvekstmålet.

Statens vegvesen ser også utfordringar i planen knytt til gjennomføring av desse tiltaka, når dette skal gjerast saman med planar om ein bymessig utbygging tett på vegen i dei mest sentrale områda av Fitjar. Det er derfor viktig å sikra tilkomst for mjuke trafikantar og rørslehemma både i anleggsfasen og ved vidare utbygging av Fitjar sentrum.

Transport vest – Transportforvaltning vest 3

Med helsing

Frode Moen Aarland
seksjonsleiar

Lars Ottar Sagstad
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

STATSFORVALTAREN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER
VESTLAND FYLKESKOMMUNE INFRASTRUKTUR OG VEG, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER